

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

KOMM. OG REG. DEP
25 JAN 2005
04/2771-153
Ark 013
Avgj. RA / SSA / MAG

SAK NR.: Utval: NAUSTDAL FORMANNSKAP

2/2005 Sakshands: Jan Magne Herstad

NAUSTDAL FORMANNSKAP	Møtedato: 20.01.2005	Sak nr.: 2/2005
Jour.nr: 2005/61 Arkivnr:	Møtt: 5 av 5	Mappe:
Sakshandsamar: JMH		Avgj. av:

NOU 2004: 19 "LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONAR" - HØYRINGSSUTTALE.

Vedlegg:

1. Brev frå kommunal- og regionaldepartementet datert 14.10.04. "Høyring på Distriktskommisjonens utredning"
2. Brev frå KS datert 22.10.04. "Høyring, fristar, prosess og hovudpunktar Distriktskommisjonens utredning NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regionar"
3. Kap 7 Konklusjonar og anbefalingar i NOU 2004 :19.
4. Fylkesutvalet si innstilling til fylkestinget og møtebok i fylkestinget 07.01.05.
5. Kommunestyresak 58/2004 Framtidig Kommunestruktur i Sogn og Fjordane, uttale til debatthefte med notat.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

1. NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regionar.

Saksopplysningar:

Viser til brevet frå Kommunal- og regionaldepartementet av 14.10.04 om Høyring på Distriktskommisjonens utredning.

Vurdering:

Ei rekke tema som har stor innverknad på rammebetingelsane for busetnad, sysselsetting og næringsutvikling i distrikta er sett på dagsorden for politisk diskusjon. Dei ulike partia vil fram mot våren ha partiprogramma til Stortingsvalet hausten 2005 oppe til diskusjon. Temaene om Distriktskommisjonen, Sterke Regionar, Framtidig kommunestruktur – Kommunar med ansvar for eiga utvikling, og Inntektssystemet for kommunane vil vere viktige i så måte. Det viktigaste å komme med innspel om no er kva vi meiner som er viktige rammebetingelsar og forutsetningar å ha på plass for å medvirke til å opprettholde busetnad og sysselsetting i distrikta på minst relativt same nivå som i dag. Det er og viktig å ha fokus på kva oppgåver kommunane bør ha og kva oppgåver som kan leggest til regionalt eller nasjonalt nivå. Naustdal formannskap sluttar seg til hovudtrekka i Distriktskommisjonen sine konklusjonar og

anbefalingar om distriktspolitikken sin betydning for utviklinga i distrikta. Ein heilheitleg, aktiv distrikts- og næringspolitikk retta mot å stimuler til bl.a. nye og kompetanse krevjande arbeidsplassar i samhandling med ein bærekraftig bruk av naturressursane vert viktig. Passiv/omvendt distriktspolitikk jmf. f.eks den nye ordninga med tilbakeføring av ein andel av selskapsskatten til kommunane vil kun medvirke til ein akselerasjon av sysselsetting og busetnad i dei store byane og omvendt i distrikta. Dette kan umuleg vere ei teneleg utvikling om vi ønskjer ei brei og mangfaldig utvikling av næringslivet i distrikta.

Temaene om "Distriktskommisjonen", "Framtidig kommunestruktur" og "Sterke regionar" er gjensidige samanfallande og det vil føre galt av stad om det vert trekt konklusjonar for desse enkeltvis. Resultatet av KS og KRD sitt prosjekt og prosess om "Framtidig kommunestruktur – Kommunar med ansvar for eiga utvikling" vil måtte danne grunnlag for korleis ein organiserer framtidige folkevalde nivå og statleg tilsyn og kontroll. Utforming av inntektssystemet til kommunane vil samstundes ha avgjerande innverknad på val av korleis det vil vere mest fornuftig å organisere dei folkevalde nivå. Det store spørsmålet er om det er inntektssystemet som skal avgjere hensiktsmessig organisering av dei folkevalde nivå eller om inntektssystemet skal vere ein funksjon av politisk vedtekne målsettingar.

TILRÅDING :

Naustdal formannskap vedtek følgjande fråsegn om NOU 2004:19, innstillinga frå Distriktskommisjon:

Temaene om "Distriktskommisjonen", "Framtidig kommunestruktur" og "Sterke regionar" er gjensidige samanfallande og det vil føre galt av stad om det vert trekt konklusjonar for desse enkeltvis. Resultatet av KS og KRD sitt prosjekt og prosess om "Framtidig kommunestruktur – Kommunar med ansvar for eiga utvikling" vil måtte danne grunnlag for korleis ein organiserer framtidige folkevalde nivå og statleg tilsyn og kontroll.

Utforming av inntektssystemet til kommunane vil samstundes ha avgjerande innverknad på val av korleis det vil vere mest fornuftig å organisere dei folkevalde nivåa. Det store spørsmålet er om det er inntektssystemet som skal avgjere hensiktsmessig organisering av dei folkevalde nivå eller om inntektssystemet skal vere ein funksjon av politisk vedtekne målsettingar.

1. Naustdal formannskap er skeptisk til innføring av nye større regionar. Naustdal formannskap meiner at slike regionar vil føre med seg meir byråkrati, større ulikskap og meir sentralisering innafor det geografisk område som vert definert som region. Distriktskommisjonen si innstilling gjer framlegg om oppretting av slike regionar, noko Naustdal formannskap ikkje vil seie seg samd i. Distriktskommisjonen argumenterer for at regionar er naudsynte for å oppnå meir vekst. Naustdal formannskap er av den oppfatning at meir sentralisering og større ulikskap *ikkje* er ein føresetnad for auka økonomisk vekst. Tvert om meiner Naustdal formannskap at ein politikk for auka vekst ikkje bør svekkje nasjonale målsetjingar om likeverdige tenestetilbod og levevilkår uavhengig av kor ein bur i landet. *Større regionar kan vere hensiktsmessig innafor dei statlege kontroll- og tilsynsoppgåvene.*
2. Distriktskommisjonen gjer òg framlegg om ein modell bygd på regionkommunar, det vil seie ein ny kommune bygd på felles *bu og arbeidsmarknad* for fleire primærkommunar. Ein slik ny kommune i vårt distrikt vil ha omlag same geografiske nedslagsfelt som Indre Sunnfjord eventuelt Sunnfjord/Ytre Sogn har i dag. Regionkommunane skal ha eige folkevalt organ og eige inntektsgrunnlag i form av skattar og rammeoverføring frå staten. *Primærkommunane* vil ha omlag same rolle og oppgåver som i dag. Naustdal formannskap meiner dette er ein interessant styringsmodell, ikkje minst av di slike regionkommunar kan kombinerast med den kommunestruktur vi har i dag. Naustdal formannskap vil likevel ikkje støtte framlegg om eige politisk representasjon og eige inntektsgrunnlag for slike regionkommunar, men meiner at ein i staden bør satse på å utvikle region-råd/*kommunar* med styrkja indirekte politisk representasjon som vert finansiert frå medlemskommunane. Vedtak i slike region-råd/*kommunar* kan gjerast meir politisk forpliktande for medlemskommunane om den indirekte politiske representasjon vert styrkja. Naustdal formannskap stillar seg ope til om ein slik ny regionkommune bør ha faste, pålagde interkommunale oppgåver eller om primærkommunane sjølve kan avgjere kva for oppgåver dei vil samarbeide om.
3. Naustdal formannskap er samd med Distriktskommisjonen i at støtteordningane innafor EU og EØS sitt reglement bør utnyttast meir offensivt enn det som er tilfelle i dag. Etter at den differensierte arbeidsgjevaravgifta vart fjerna bør ein arbeide for meir direkte støtteordningar til distrikta som kompenserer for bortfallet av føremona med lægre arbeidsgjevaravgift.

- 4 Naustdal formannskap vil slutte seg til Distriktskommisjonen si målsetting om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve for kvinner i distrikta.
- 5 Naustdal formannskap meiner at Fylkesmannen sine oppgåver stort sett bør vere slik dei er i dag av omsyn til dei nasjonale målsettingar som gjeld for dei politikk områda som Fylkesmannen har tilsyn- og kontrollansvar for. Fylkesmannen er òg ein uavhengig appellinstans for borgarane, han er borgarane sin talsmann og advokat ovanfor andre offentlege organ. Desse oppgåvene bør framleis takast vare på av ein uavhengig, statleg instans. (som er organisert på eit geografisk område som svarar til dei fylka vi har i dag.)
- 6 Distriktskommisjonen gjer framlegg om å opprette større regionar for å oppnå meir spreining av makt i samfunnet. Naustdal formannskap vil hevde at det beste verkemiddel for å oppnå spreining av makt ikkje er større regionar men å oppretthalde den kommunestruktur vi har i dag så langt råd er.

7 Innanfor dei ulike sektorane (pkt 7.4.3) vil Formannskapet

-tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltingsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.

- støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.

- støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponeringar av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følge av nye internasjonale reglar, bør kanalisert til landbruk og bygdeutvikling. Dersom ikkje dette er mogleg bør midlane bruast til andre utviklingstiltak i dei områda som vert ramma.

- støtte framlegget om å gjere det enklare å starte opp foredling og omsetting av lokale råvarer innafor landbruket.

- støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd.

Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.

Formannskapet støttar fleirtalstilrådingane i pkt 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompensert for ekstra kostnader i høve demografi og avstand.

Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.

Formannskapet støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet.

Formannskapet støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.

Kommunen viser til Effektutvalet (NOU 2004:2)si påpeiking av at innsatsen på dei distriktpolitiske områda er sterkt redusert på dei fleste område dei siste ti åra. Utvikling av livskraftige distrikt og regionar må sjåast som investering for framtidige inntekter i vår nasjonale økonomi. Råmene for den smale distriktpolitikken må difor aukast og distrikts- og regionalpolitiske mål må gjevast økonomisk oppfølging i sektorpolitikane.

- 8 Naustdal formannskap sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt krav om at inntektene frå vasskraftproduksjon òg i framtida bør kome det dei kommunane til gode som har desse ressursane innafør sine grenser.
- 9 Naustdal formannskap støtter Distriktskommisjonen sitt krav om at etablering av ny statleg verksemd som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstatsområdet. Vidare er Naustdal formannskap er samd med Distriktskommisjonen i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstatsområdet bør halde fram og intensiverast.

HANDSAMING I NAUSTDAL FORMANNSKAP

Endringsframlegg i formannskapet:

- Nytt pkt 1:

Naustdal formannskap sluttar seg til hovudtrekka i Distriktskommisjonen sine konklusjonar og anbefalingar om distriktpolitikken sin betydning for utviklinga i distrikta. Ein heilheitleg, aktiv distrikts- og næringspolitikk retta mot å stimuler til bl.a. nye og kompetanse krevjande arbeidsplassar i samhandling med ein bærekraftig bruk av naturressursane vert viktig.

- Punkta vert tilsvarande forskyva med til saman 10 pkt.**
- Siste setning (parantes) i pkt. 5 i tilrådinga går ut.**

AVRØYSTING :

Tilrådinga med formannskapet sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Etter dette har Naustdal formannskap gjort slikt

VEDTAK:

1. Naustdal formannskap sluttar seg til hovudtrekka i Distriktskommisjonen sine konklusjonar og anbefalingar om distriktpolitikken sin betydning for utviklinga i distrikta. Ein heilheitleg, aktiv distrikts- og næringspolitikk retta mot å stimuler til bl.a. nye og kompetanse krevjande arbeidsplassar i samhandling med ein bærekraftig bruk av naturressursane vert viktig.
2. Naustdal formannskap er skeptisk til innføring av nye større regionar. Naustdal formannskap meiner at slike regionar vil føre med seg meir byråkrati, større ulikskap og meir sentralisering innafor det geografisk område som vert definert som region. Distriktskommisjonen si innstilling gjer framlegg om oppretting av slike regionar, noko Naustdal formannskap ikkje vil seie seg samd i. Distriktskommisjonen argumenterer for at regionar er naudsynte for å oppnå meir vekst. Naustdal formannskap er av den oppfatning at meir sentralisering og større ulikskap *ikkje* er ein føresetnad for auka økonomisk vekst. Tvert om meiner Naustdal formannskap at ein politikk for auka vekst ikkje bør svekkje nasjonale målsetjingar om likeverdige tenestetilbod og levevilkår uavhengig av kor ein bur i landet. *Større regionar kan vere hensiktsmessig innafor dei statlege kontroll- og tilsynsoppgåvene.*
3. Distriktskommisjonen gjer òg framlegg om ein modell bygd på regionkommunar, det vil seie ein ny kommune bygd på felles *bu og arbeidsmarknad* for fleire primærkommunar. Ein slik ny kommune i vårt distrikt vil ha omlag same geografiske nedslagsfelt som Indre Sunnfjord eventuelt Sunnfjord/Ytre Sogn har i dag. Regionkommunane skal ha eige folkevalt organ og eige inntektsgrunnlag i form av skattar og rammeoverføring frå staten. *Primærkommunane* vil ha omlag same rolle og oppgåver som i dag. Naustdal formannskap meiner dette er ein interessant styringsmodell, ikkje minst av di slike regionkommunar kan kombinerast med den kommunestruktur vi har i dag. Naustdal formannskap vil likevel ikkje støtte framlegg om eige politisk representasjon og eige inntektsgrunnlag for slike regionkommunar, men meiner at ein i staden bør satse på å utvikle region-råd/*kommunar* med styrkja indirekte politisk representasjon som vert finansiert frå medlemskommunane. Vedtak i slike region-råd/*kommunar* kan gjerast meir politisk forpliktande for medlemskommunane om den indirekte politiske representasjon vert styrkja. Naustdal formannskap stillar seg ope til om ein slik ny regionkommune bør ha faste, pålagde interkommunale oppgåver eller om primærkommunane sjølve kan avgjere kva for oppgåver dei vil samarbeide om.
4. Naustdal formannskap er samd med Distriktskommisjonen i at støtteordningane innafor EU og EØS sitt reglement bør utnyttast meir offensivt enn det som er tilfelle i dag. Etter at den differensierte arbeidsgjevaravgifta vart fjerna bør ein arbeide for meir direkte støtteordningar til distrikta som kompenserer for bortfallet av føremona med lægre arbeidsgjevaravgift.

- 5 Naustdal formannskap vil slutte seg til Distriktskommisjonen si målsetting om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve for kvinner i distrikta.
- 6 Naustdal formannskap meiner at Fylkesmannen sine oppgåver stort sett bør vere slik dei er i dag av omsyn til dei nasjonale målsettingar som gjeld for dei politikk områda som Fylkesmannen har tilsyn- og kontrollansvar for. Fylkesmannen er òg ein uavhengig appellinstans for borgarane, han er borgarane sin talsmann og advokat ovanfor andre offentlege organ. Desse oppgåvene bør framleis takast vare på av ein uavhengig, statleg instans.
- 7 Distriktskommisjonen gjer framlegg om å opprette større regionar for å oppnå meir spreing av makt i samfunnet. Naustdal formannskap vil hevde at det beste verkemiddel for å oppnå spreing av makt ikkje er større regionar men å oppretthalde den kommunestruktur vi har i dag så langt råd er.

8 Innanfor dei ulike sektorane (pkt 7.4.3) vil Formannskapet

-tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltingsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.

- støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.

- støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponeringar av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følgje av nye internasjonale reglar, bør kanalisert til landbruk og bygdeutvikling. Dersom ikkje dette er mogleg bør midlane bruast til andre utviklingstiltak i dei områda som vert ramma.

- støtte framlegget om å gjere det enklare å starte opp foredling og omsetting av lokale råvarer innafør landbruket.

- støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.

Formannskapet støttar fleirtalstilrådingane i pkt 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompensert for ekstra kostnader i høve demografi og avstand.

Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.

Formannskapet støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet.


Formannskapet støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.

Kommunen viser til Effektutvalet (NOU 2004:2)si påpeiking av at innsatsen på dei distriktpolitiske områda er sterkt redusert på dei fleste område dei siste ti åra. Utvikling av livskraftige distrikt og regionar må sjåast som investering for framtidige inntekter i vår nasjonale økonomi. Råmene for den smale distriktpolitikken må difor aukast og distrikts- og regionalpolitiske mål må gjevast økonomisk oppfølging i sektorpolitikane.

- 9 Naustdal formannskap sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt krav om at inntektene frå vasskraftproduksjon òg i framtida bør kome det dei kommunane til gode som har desse ressursane innafør sine grenser.
- 10 Naustdal formannskap støtter Distriktskommisjonen sitt krav om at etablering av *ny* statleg verksemd som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstadsområdet. Vidare er Naustdal formannskap er samd med Distriktskommisjonen i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstatsområdet bør halde fram og intensiverast.

Rett utskrift.

Dato : 21.01.05



UTSKRIFT TIL:

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET
KOMMUNENES SENTRALFORBUND SOGN OG FJ.
KOMMUNENES SENTRALFORBUND, OSLO